



fiskebåt

Styreleiar Tore Roaldsnes
Årsmøtet
Thon Hotell Bristol
Oslo, 12. februar 2015

Ordførar, statsråd, stortingsrepresentantar, delegatar, medlemmer og gjester.

Det er ei ære for meg å opne det 69. årsmøtet i Fiskebåt, havfiskeflåtens næringsorganisasjon. Fiskerinæringa er ei kunnskapsbasert framtidsnæring. Med god forvaltning kan den bli den viktigaste eksportnæringa om nokre år, og gi eit enda sterkare bidrag til at vår velstand kan vidareførast etter oljealderen. I tillegg må politikarane gi slepp på politisk detaljstyring. La næringa utvikle seg i eit samspel med marknaden, eg tenkjer på geografisk styring, prioritering av bestemt bruk av råstoff og reiskap.

Reorganiseringa:

På siste årsmøtet slutførte vi prosessen med å omorganisere og modernisere Fiskebåtorganisasjonen, der seks medlemslag blei til tre. 2014 var det første heile året Fiskebåt hadde tre aktive regionlag. Eg konkluderer med at denne prosessen har gitt oss ein betre og meir framtidsretta organisasjon. Det er mitt klare inntrykk at vi no er meir oversiktlege, meir effektive og i stand til å gjere ein betre jobb for medlemmene.

Eg registrerer samstundes at enkelte medlemmer alt har byrja å diskutere neste skritt i forhold til vår interne organisering. Det er også stadig fleire som diskuterer vår eksterne organisering.

Eg har hatt eit godt samarbeid med Reidar Nilsen og Kjell Ingebrigtsen i Norges Fiskarlag. Fiskarlaget står overfor store utfordringar. Fiskarlaget har derfor i løpet av 2014 gjennomført eit arbeid i regi av Organisasjonsutvalet som vart nedsett etter Landsmøtet i 2013. Heller ikkje dette utvalet, som var det siste av ei lang rekkje utval, klarte å kome fram til forslag om endringar som kunne gjere Fiskarlaget meir tilpassa framtida og til å få ein sterkare posisjon i det norske samfunnet. I staden vart konklusjonen å fortsette som før med den same organiseringa utan substansielle endringar. Som medlem av utvalet vil eg sterkt beklage dette utfallet. Det er min vurdering at Fiskebåt bør ha fokus på eigen organisasjon, på breiare medlemsopplutning og organisasjonssamarbeid i åra som kjem.

Fiskebåt tok for nokre år sidan initiativ til å samle informasjonsarbeidarane i sjømatnæringa med sikte på å betre omdømmet og kunnskapen om næringa. Dette arbeidet la grunnlaget for det som i dag har fått namnet Sjømatalliansen, og eg trur at å arbeide på dette sporet vil vere klokt framover. Det er ikkje samsvar mellom vår underkommuniserte posisjon i samfunnet og den rolla sjømatnæringa har og vil få framover. Dette må vi gjere noko med, og då er samarbeid nøkkelen til å lukkast.

Sjømatnæringa kan ikkje lenger akseptere at norsk handelspolitikk blir utforma på premissa til ein skjerma landbrukssektor som mottar 20 milliardar i statsstøtte. Norge må søkje størst og friast mogleg tilgang på den internasjonale marknaden for norsk sjømat.

Tveterås

Dette fører meg over til NOU 2014:16, Sjømatindustriens rammevilkår eller Tveterås-utvalet som det blir omtalt. Utvalet har laga ein god rapport der mange av hovudkonklusjonane er samanfallande med synet til Fiskebåt, i alle fall prinsipalt. Det kan nemnast:

-mindre politisk detaljstyring

- fokus på lønsemd og effektivitet
- like rammevilkår for næringsutøvarar
- berekraftig hausting
- fritt reiskapsval
- auka innsats på ressursforskning og FoU
- ombordproduksjon

Det er tre fleirtalsforslag som ikkje er i tråd med det rådande synet til Fiskebåt: forslaget om endringa av Fiskesalslagslova, Deltakarlova og forslaget om fritt kvotetak.

Fiskesalslagslova

Eg er einig med mindretalet i utvalet som meiner at det ikkje er nødvendig å endre Fiskesalslagslova no når den har virka i berre eit år. Eg er overraska over fleirtalet sin konklusjon. Deira argumentasjon byggjer opp om at salslaga fungerer godt i ein marknadssamanheng, men dei konkluderer likevel motsett. Mi vurdering er at denne lova er like aktuell i dag som den gong Råfisklova vart innført. Det har vi sett i kvitfisksektoren dei siste åra, særleg for kystflåten, og vi ser det i pelagisk sektor i dag som følge av sterk konsentrasjon på kjøparsida.

Derneft vil eg hevde at Fiskesalslagslova ikkje har vore til hinder for positiv utvikling på landsida. Lova bidreg til ein likeverdig marknadsplass for kjøparane. Det er grunn til å tru at denne lova har vore med på å oppretthalde ein differensiert flåte. Når dette er sagt, så kan det vere grunn til å sjå på om det er behov for alle salslaga vi har i dag, og om enkelte av dei burde slå seg saman for å betre tilbodet både til fiskarane og ikkje minst til kjøparane.

Deltakarlova

Fiskebåt har vore opptatt av å modernisere deltakarlova, men har ikkje hatt ei grundig behandling av aktivitetskravet i nyare tid. Eg personleg er opptatt av at vi i framtida har ein fiskeflåte som i all hovudsak er fiskareigd. Lokalt eigarskap er viktig for utvikling av kysten og for å oppretthalde ein differensiert fiskeflåte. Industriens eigarskap til fartøy vil redusere tilbodet i marknaden for dei landanlegga som ikkje eig fartøy. I tillegg er eg opptatt av vi skal oppretthalde ein norskeigd fiskeflåte og det er etter kvart mange som stiller spørsmål om forslaget frå Tveterås vil utfordre EØS-avtalen på dette punktet. Dette må avklarast før ein tek endeleg stilling til endringar.

Kvotetak

Fleirtalet i Tveterås-utvalet anbefaler at dagens avgrensa kvotetak blir oppheva. Kvotetaka i strukturordningane er eit kontroversielt spørsmål i fiskeflåten, og særleg i enkelte fartøygrupper. Fiskebåt har generelt vore opptatt av at kvotetaka i strukturvoteordningane skal tilpassast den økonomiske situasjonen reiarlaga står overfor, mellom anna lønsemda, evna til fornying og rekruttering av kvalifisert arbeidskraft. Fiskebåt har samtidig vore opptatt av at størst mogleg strukturering og effektivitet ikkje er eit mål i seg sjølv, men at det også er nødvendig å ta andre omsyn når kvotetaka

skal fastsettest. Det har ikkje vore aktuelt for Fiskebåt å foreslå oppheving av kvotetaka i strukturkvoteordningane.

Største svakheita i arbeidet i Tvesterås-utvalet er knytt til manglande drøfting av den store politiske risikoen fiskerinæringa er underlagt. Dette burde utvalet behandla. For næringsaktørar blir det mindre FoU, mindre merkevarebygging, mindre fokus på investeringar og ikkje minst mindre fokus på kompetansebygging når vi ikkje kan vere trygge på sentrale rammevilkår.

Tvesterås-utvalet vart nedsett og fekk mandatet av tidlegare fiskeri- og kystminister Lisbeth Berg-Hansen, og dei fleste forslaga er gode. Eg forventar at regjeringa, støttepartia og opposisjonen med Arbeidarpartiet i spissen følgjer opp i den politiske behandling av arbeidet på ein konstruktiv måte. Det dreier seg trass alt om denne næringa kan utvikle seg og utvikle vårt gode samfunn i åra som kjem.

Fiskebåt vil utarbeide ein meir detaljert kommentar bygd på årsmøtevedtaket her i dag.

Fiskeflåten over 28 meter står for over 70% av verdien på første hand, og 80% av kvantumet. Det er viktig at fiskeripolitikken blir bygd på desse realitetane, det er denne flåtegruppa som er ryggrada i norsk fiskerinæring. Det er heilt sentralt at politikarane i alle parti bygger vidare på kunnskap om god ressursforvaltning og gode strukturordningar. Det er det som har skapt ei lønsam og suksessrik næring. Dei fleste stortingsparti og næringa sjølv har all ære av den jobben som er gjort. Lønsemda i næringa har skapt vekst og nye næringar langs kysten. Fiskarane er opptatt av å vidareutvikle lokalsamfunna sine.

Då eg starta førebuinga til denne talen, gjekk eg tilbake til talen min til representantskapet i Fiskebåtredernes Forbund etter at eg vart vald til styreleiar i 2010. Eg var innom forholdet til Norges Fiskarlag, fiskeriforvaltninga, politikarane våre, kundane og marknaden, forskning på fiskeressursane, behovet for meir miljøvenlege fartøy og på berekraftig hausting. Dette er tema som har vore sentrale i mitt arbeid som styreleiar i Fiskebåt.

Sjømatnæringa eksporterte fisk for 68,8 milliardar kroner i 2014. Av dette stod villfisknæringa for 22,5 milliardar kroner. Dette er det beste året nokon gong og dette i eit år prega av stor turbulens på marknadssida med mellom anna utestenginga av norsk sjømat i den russiske marknaden. Eg vil likevel understreke at Fiskebåt støttar regjeringa sin politikk overfor Russland etter annekteringa av Krim og angrepa i aust-Ukraina.

Eit av dei områda Fiskebåt har arbeidd mest med i 2014, er ressursforskning. Fiskebåt arbeider kontinuerleg for at ressursforskninga skal styrkast. Vi har fått på plass ny og meir forskning på makrell. Fiskebåt tok i fjor initiativ til å gjennomføre eit gytetokt for nvg-sild no i februar. Toktet blir delfinansiert av næringa sjølv ved bruk av midlar frå Norges Sildesalgslag og ved at fiskeflåten stiller opp med fartøy for å gjennomføre toktet. Fiskebåt meiner at Nærings- og fiskeridepartementet må prioritere den tradisjonelle ressursforskninga enda sterkare. Det er uholdbart at ein rik fiskerinasjon som Norge ikkje har ressursar til å oppretthalde tilfredstillande toktdekning på dei viktigaste fiskebestandane våre.

Etter initiativ frå Fiskebåt sette Fiskeri- og havbruksnæringens forskningsfond (FHF) i gang eit forprosjekt for å synleggjere næringa sine prioriteringa innan forskning knytt til forvaltning av villlevande ressursar. Næringa både på sjø og land har deltatt i utarbeidinga av rapporten, som gir eit godt oversyn

over forskingsoppgåver som fiskerinæringa ønskjer skal prioriterast. Eg håper rapporten blir eit viktig innspel i arbeidet med Masterplanen for marin forskning.

Fiskebåt er også delaktig i eit prosjekt som kan bli eit viktig supplement til HI sine tokt. Prosjektet tar sikte på å hente ut data frå fiskeleitinginstrument og andre relevante instrument i fiskeflåten. Informasjonen blir strukturert og kan sendast over til Havforskningsinstituttet enten direkte i sanntid eller lagra til fartøyet kjem nærmare land og kan overføre informasjonen på ein kostnadseffektiv måte. Dette vil gi havforskarane realtime data og eit langt betre bilde av status under havflata gjennom heile året. Eg trur at dette vil kunne gi havforskarane langt betre kunnskap om den dynamiske utviklinga i havet på ein kostnadseffektiv måte. Under dette prosjektet forbeholder vi oss retten til «fritt redskapssval» når vi skal fiske data opp frå havet.

Fisket i 2014

Fiskebåt har brukt svært mykje tid i året som gjekk på internasjonale forhandlingar som deltakar i dei norske forhandlingsdelegasjonane som representantar for Norges Fiskarlag. Fisket vart svært vanskeleg for mange fartøy, då svært få av dei internasjonale kvoteavtalane var på plass ved årsskiftet. Norske fartøy hadde dermed ikkje tilgang til å fiske på tradisjonelle fiskefelt. Spesielt vart seifisket for både garnfartøya og trål i Nordsjøen hindra, og dels også det tradisjonelle linefisket i EU sona. I pelagisk sektor blei særleg fisket etter kolmule ramma.

Årsaka til situasjonen var i første rekkje manglande avklaring om forvaltinga av makrell. Etter at Norge, EU og Færøyanane blei samde om ein trepartsavtale om makrell i midten av mars, løyste situasjonen seg. Då var gytasesongen i Nordsjøen over og flåten fekk eit betydeleg tap. Våre medlemmer i desse flåtegruppene tok belastninga for at Norge fekk ein best mogleg avtale på makrellen, og det skal dei ha honnør for. Solidariteten gjorde det mogleg for dei norske forhandlarane å stå i mot presset, først og fremst frå EU og bruke tid. Etter kvart var presset størst internt i EU og vi fekk ein avtale. Eg meiner at Norge må vere villege til å ta konflikt når forhandlingane ikkje gir eit tilfredstillande resultat. Viljen til å ta konflikt er ofte nøkkelen til eit akseptabelt resultat. Det er viktig at vi som næring klarer å stå samla, det klarte vi i 2014, og det skal vi også gjere i framtida. Det vart halde møte med politisk leiing i samband med avtaleforhandlingane. Statsråd Aspakers sin lovnad om at vi skulle få ein kompensasjon for dei som vart ramma var til stor hjelp når det røynde på. At vi fekk kompensasjonen i år vil eg gi statsråden honnør for.

Ei sak eg ikkje vil gi statsråden honnør for er avviklinga av selfangstnæringa. Den kritikken går også til andre politiske parti som var med å støtte forslaget. Norsk selfangst har lange tradisjonar og har gitt legitimitet til nordområdepolitikken. Ved å drive selfangst haustar vi i heile næringskjeda i nordområda. Eg vil be om at dette standpunktet blir revidert før det er for seint.

Realitetane

Fiskebåt har vore pådrivar for at flåten skal ha effektive strukturordningar for å tilpasse seg den sterke kostnadsveksten og den auka konkurransen om den maritime arbeidskrafta dei siste 20 åra. Justering av kvotetak er ein kontinuerleg prosess som må sjåast i samanheng med både effektivitet, lønsemd og miljø.

Struktur, stabilitet i ressursfordelinga og god ressursforvaltning har vore suksessoppskrifta i norsk fiskerinæring.

Lineflåten fekk auka kvotetak i 2012. I juni 2014 vart kvotetaket for pelagiske trålarar auka frå 630 til 1000 basistonn, og maksimal konsesjonskapasitet blei auka frå 1000 til 1500 m3. Denne endringa var i tråd med det Fiskebåt hadde bede om.

Etter ei omfattande behandling i organisasjonen vart det samrøystes vedtatt på førre årsmøtet til Fiskebåt at også kvotetaket for ringnot og torsketrål burde aukast. I Fiskebåt meiner vi at denne prosessen rundt justeringa av kvotetaka har vore god og demokratisk, og alle har fått høve til å seie si meining. Etter årsmøtet i fjor vart det vedtatt at kvotetaket for seitrål burde hevast. Norges Fiskarlag følgde opp med positive vedtak på desse sakene, og no i januar vart kvotetaket for ringnot auka frå 650 til 850 basistonn. Kvotetaket for torsketrål vart auka frå tre til fire kvotefaktorar.

Også innanfor kyst er det etter mitt skjønns behov for justering av kvotetak og høve til større grad av spesialisering, og eg vil oppmode politikarane og næringa til å gjennomføre endringar for kystflåten så raskt som mulig.

Fiskebåt tok sist vinter initiativ til å etablere ei kvotebyteordning for lodde ved Grønland, Island og Jan Mayen, og lodde i Barentshavet. Denne ordninga vart vidareført i år og den vart utvida til også gjelde pelagisk trål som kan byte lodde i Barentshavet mot kolmule.

Når det gjeld kvotebyteregeverket så har dette stor innverknad på økonomien til flåten gjennom redusert forbruk av drivstoff. Dette er sunn fornuft som også fører til redusert utslepp av miljøskadelege gassar frå fiskeflåten.

Fiskebåt vil gi statsråd Elisabeth Aspaker og den politiske leiinga i Nærings- og fiskeridepartementet honnør for handlekraft i desse tunge og vanskelege sakene. Vedtaket i struktursaka vil skape ro i næringa i lang tid framover.

Vi ser at politikken verkar både på lønsemda og fører til lågare utslepp av miljøgassar. Trålflåten har dei siste 10 åra halvert forbruket av drivstoff pr. kg fanga fisk. Dette er svært gledeleg og i kjem i tillegg til at fiskeflåten har vore ein sentral bidragsytar for at Norge har nått sine internasjonale forpliktingar når det gjeld reduksjon av NOx-utslepp.

Potensialet for ytterlegare reduksjon i forbruk og utslepp er betydelig, opp mot 20-30%, men då er vi avhengige av å byggje nye og moderne fartøy.

Nye havfiskefartøy blir i dag på grunn av pris dessverre i hovudsak bygde i utlandet. Fiskebåt har arbeidd mykje dei siste fem åra for at også fiskeflåten skal få tilgang på like gode finansieringsordningar som oljeserviceflåten har. Denne gunstige finansieringa har vore hovudårsaka til den sterke veksten i denne flåten, og den store aktiviteten den har skapt langs kysten.

Fiskeflåten har ikkje fått tilgang til denne ordninga. Det blir no vurdert å etablere ei ny ordning som skal finansiere miljøvenlege fraktefartøy, ferjer, brønnbåtar og fiskefartøy, etc. Saman med mellom andre Norsk Industri og LO har vi ambisjon om å etablere ei ordning, -vi kallar den gjerne Miljøfinans, som kan

gjere det mogleg å hente heim ein del av nybyggingskontraktane av fiskefartøy i ei tid der vi ser at norske verft får lågare aktivitet.

I denne samanhengen er det særst uheldig at Olje- og energidepartementet foreslår å vidareføre dagens unntak for LNG-gass i EU sitt 3. gassdirektiv. Dette regelverket skulle gi konkurranse i gassmarknaden (LNG) i Europa og i Norge. Ei særnorsk monopolordning vil forsinke overgangen frå bunkersolje til LNG som drivstoff.

Avslutning

Eg har leia Fiskebåt i fem år. Det har vore fantastisk spennande og lærerike år for meg, og eg er glad for at eg tok denne store utfordringa. Eg har ikkje tenkt å gjere som ulike regjeringar, og presentere ei skrytliste. La meg seie det slik, Fiskebåt gir god avkastning for medlemmane, ja for heile sjømatnæringa.

Medlemmene i Fiskebåt er den viktigaste ressursen til Fiskebåt og eg har hatt gleda av å samarbeide med mange av desse aktive og engasjerte personane frå heile landet.

Det som har vore den store positive og uventa erfaringa eg har gjort meg, er kor lett det har vore å få møte politikarane og partia på Stortinget. Dei fleste har vore interesserte å lære om fiskerinæringa og få våre synspunkt. Dette viktige arbeidet bør derfor prioriterast høgare etter mitt syn. Politikarane ønsker kontakt med aktive utøvarar og dei lyttar når dei møter representantar for dei sakene deira handlar om. Dette har vi sett i fleire viktige saker når medlemmene også har vore med på møte i Stortinget og fått fremma sine syn.

Vi har ikkje berre flinke fiskarar i Norge. Vi har også mange flinke og engasjerte personar som arbeider i forvaltninga som fortener takk for det ansvarsfulle arbeid dei utfører. I denne samanhengen tenkjer eg på tidlegare fiskeridirektør Peter Gullestad som ein representant for denne gruppa. Hans engasjement og kunnskap medverka til at eg personleg fekk augene opp for behovet for berekraftig hausting og fokus på miljøspørsmål. Ansvarleg ressursforvaltning og miljøengasjement har vore viktig for meg og Fiskebåt, og dette er sentrale element i Fiskebåt sin gode visjon.

Fiskebåt har bygd kompetanse og innflytelse stein på stein. Det har vi gjort gjennom sakleg argumentasjon, gode vedtak og godt arbeid. Når eg ser ut over forsamlinga blir eg stolt, den gir eit bilde av ei viktig næring, eit viktig Fiskebåt.

Som medlemmene i Fiskebåt veit så har vi ein svært erfaren og kunnskapsrik administrasjon i Fiskebåt som står på for medlemmene dei fleste av døgnets timer. Eg vil nytte høvet til å takke administrasjonen, og spesielt dei eg har arbeidd mest opp mot; Audun, Jan Ivar og Oddbjørn, tusen takk for godt og lojalt samarbeid desse åra.

Til sist ønskjer eg å takke mine nærmaste, i første rekkje Nina, for at eg har fått anledning til å bruke så mykje tid på det som engasjerer meg mest og som eg likar best, nemleg båtar og fiskerinæringa.

Kva skal eg bruke tida mi på no?

Først og fremst på reiarlaget vårt og alle dei store prosjekta vi er involverte i.

Når eg har landa desse prosjekta om nokre år håper eg at Fiskebåt framleis kan ha bruk for meg. Tusen takk for meg !!